

Årsmelding for Strandebarm sokn 2025.

Årsmøte søndag 22.03.26.



Strandebarm sokn

Strandebarm sokn ligg lengst mot sør i vårt 10 mil lange fellesområde som omfattar heile Kvam herad. Soknet var lenge eige prestegjeld, og hadde eigen sokneprest knytt til området til så seint som for 10 år sidan. I dag er det felles sokneprest for Vikøy og Strandebarm sokn, og vedkomande har sitt kontor i Norheimsund arbeidskyrkje.

Strandebarm var eigen kommune fram til 1.januar 1965, og den kulturelle eigenkapitalen ber preg av det. Folketalet i soknet er i dag ca 1660 menneske, og soknet har barne- og ungdomsskule, barnehage, nærbutikk, vakkert idrettsanlegg - og stor dugnadsvilje. Viljen til å byggja i lag har blitt lagt merke til langt utanfor bygda sine grenser, og ikkje minst i idrettslaget er dugnadsånda stor.

Soknet har fleire hjørnesteinsbedrifter, med Fjellstrand båtbyggeri og Lingalaks som dei største. Båtbyggjarkunsten var høgt verdsett i bygda, og robåten "strandbermeren" er framleis ei perle.

Kyrkjesøknaden er relativ liten. På ei vanleg gudsteneste utan dåp er det kanskje 30 menneske som kjem. Kyrkja står likevel sterkt som symbol og samlingspunkt i bygda, og kyrjegarden framstår som ein av dei mest velstelte og vakraste i heile kommunen vår.

Bygda Strandebarm har gjeve ansikt til mange ulike nasjonale storleikar. Strandebarm prosti med sokneprest Kørner si rolle i det som for ettertida vart heitande «Kørner-saka», er uløyselig knytt til Strandebarm. I det kyrkjelege landskapet finn me både Gravdal bedehus og Børsheim bedehus som begge samlar menneske til møte og gudstenester.

Strandebarm er også heilt klart knytt til Nobelpris-vinnar Jon Fosse som vaks opp der, og som nyttar Strandebarm som kulisse i mange av sine bøker.

Årsmøte for 2024

Årsmøtet for 2024 var halde rett etter gudstenesta, 16.02.25

Strandebarm sokneråd 2025:

Vetle Karlsen Eide, sokneprest

Margun Mikkelsen Tordal, leiar

Tor Håkon Berge, nestleiar

Renate Bakkely Nernes

Jorunn Brurok Lillefosse, sekretær

Lillian Hjartåker Fosse, varamedlem

Lenie Hoogerbrugge, varamedlem

Kjell Hoff, varamedlem

Styret i kyrkjelydshuset

Torill Gjerde

Lars Gjerde (kasserar)

Olav Tombre

Kjell Hoff (repr frå soknerådet)

Gunnar Helle, kasserar for soknerådet

Leidolv Berge, revisor for sokneråd og kyrkjelydshus

- **Soknerådet** har hatt 8 møte og handsama 64 saker. Varamedlemmene blir innkalla til alle møta. AU (arbeidutval) har hatt 8 møte og førebudd saker til soknerådsmøta. Utvalet består av sokneprest, nestleiar og leiar.

Soknerådet sitt arbeid i 2025 har i hovudsak vore:

- Orgelnemnd: Førebudd og samla inn pengar til orgelvøle
- Jubileumskomite: Førebur program til kyrkjejubileet i august 2026.
- Sundagsskule, jonsoktilstelning og julefest
- Konsertar til inntekt for orgelvøle
- Konfirmantfest for årets konfirmantar
- Konfirmantjubileumsfest
- Dugnad i og rundt kyrkjebygget
- Ny samarbeidavtale med misjonsorganisasjon som er felles for heile Kvam.

Soknerådet sine representantar i Kvam kyrkjelege fellesråd

Margun Mikkelsen Tordal. Vararepr: Jorunn Brurok Lillefosse

Tor Håkon Berge. Vararepr: Renate Bakkely Nernes

Frivillige medarbeidarar:

Det har vore ca 30 frivillige som har laga til festar, vore kyrkjevertar, klokkarar, delteke i song og musikk, vore med på dugnadar, jobba i nemnder

Klokkartenesta: Frivillige har også i 2025 gjort teneste. Dette tilsvarar ei stilling på 7 % og gjev eit tilskot til Strandebarm sokneråd på ca 24.000 kr pr år. Torill Gjerde, Lillian Fosse, Jorunn Brurok Lillefosse og Margun Mikkelsen Tordal har vore i denne tenesta.

Tilsette i Kvam kyrkjelege fellesråd med arbeid i Strandebarm sokn:

Sokneprest i Vikøy og Strandebarm: Vetle Karlsen Eide

Sokneprest i Ålvik og Øystese: Norunn Rød Markhus

Olav Skeie Lid, kyrkjevevjerje/dagleg leiar 100 %

Mampion Andriamandimby, kateket 100 %

Sevinj Asgarova Øvrehus, kantor 100 %

Ulf Krupka, kantor 80 %

Bjørn Kåre Thorvaldsen, kyrkjegardsarbeidar/kyrkjetenar 100%

Heine Ugletveit, kyrkjegardsarbeidar 100 %

Franckie Andrianaivo, kyrkjetenar 100%

Inger Karin Tordal, sakshandsamar 80 %

Julie Haaberg, kyrkjelydspedagog, 70%

Solveig Sangolt, kyrkjelydspedagog (permisjon deler av 2025)

Monica S. Skogvoll, kyrkjetenar 40 %

Siv Ljones, reinhaldar Strandebarm 3 %

Gudstenester i Strandebarm kyrkje:

(2024-tal står i parentes).

Gudstenester: 21(25)

Frammøtte: 1593 (1086)

Snittal på frammøtte: 87 (71)

Innbyggjarar i soknet: 1148

Medlemmer i kyrkja: 904

Døypte: 8 (11)

Konfirmantar: 16 (17)

Vigsler: 5 (6)

Tal gravlagde: 19 (17)

Frivillige i kyrkja: 25. Talet på frivillige har gått ned med 40,5 % samalikna med for 5 år sidan.

Kollekt i kyrkja: Totalt 76 648 kr

Gjevarteneste: 1 117 593 kr

Sundagsskulen i Strandebarm starta påska -24 og blei avslutta juni-25. Det var svært variabelt frammøte frå 0 barn til 4-5 på enkelte søndagar. Gjennomsnittet på frammøtte blei likevel høgt pga enkelte arrangement som drog mange barn/ foreldre/ besteforeldre, td sundagsskule på Haukås, samling på Evja jonsokkvelden og julefest i januar.

Frammøte på gudstenester er på det jamne relativt lågt med mellom 10 og 20 menneske.

Snittalet blir likevel høgt pga store dåpsfølge, dialektfestival i samarbeid med Fosse-stiftinga og konfirmantjubilantgudsteneste.



Julefest på kyrkjelydshuset

Friluftsgudstenester

Det har vore lang tradisjon i Strandebarm å arrangera ei pilegrimsvandring Haukås- Holsete på 2.pinsedag. Det har vore høgast oppmøte av folk frå indre deler av Kvam. Soknerådet har ynskje om at småbarnsfamiliar kunne delta i pinsevandringa, og tilbaud i 2025 eit alternativt opplegg langs vegen for desse. Det kom 6-7 barn med foreldre. Ein må vurderer om ein skal bruka tid og krefter på opplegg for barn, eller kanskje heller satsa på arbeid med Messy Church.

Det har også vore tradisjon på å ha ei utegudsteneste på Åse på Oma. Hildegunn og Jon Olav Måge har i mange år stelt til plass til dette arrangementet. Ei stor takk til dei!

Trusopplæringa

I Strandebarm er det også i 2025 god oppslutnad om trusopplæringstiltaka. Det er svært gledeleg! I samband med dåp har presten dåpssamtale med alle som døyper borna sine.

Kyrkjelydspedagog, kateket og prest har invitert **4- og 6-åringar** til å få barnebibel og bibelforteljingar, og gjeve tilbod om babysong. Det har vore samarbeid mellom barnehage/skule/ kyrkja.

11-åringar fekk tilbod om «Lys vaken samling», Tårnagethelg for 8-åringar og konfirmantundervisning for **14-åringar**.

Som ein ser, så er det dei tilsette i kyrkja som står for trusopplæringa i soknet. Dei gjer eit flott arbeid og det ser absolutt ut til at borna trivest. Dilemmaet er at dette ikkje er eit kontinuerleg arbeid gjennom heile året, og at trusopplæringa totalt sett blir fragmentert. Noko som igjen merkast på at born/ foreldre ikkje deltek på gudstenester i soknet vårt når dei ikkje er spesielt inviterte.

Soknerådet har tenkt ein del korleis bøta på dette. Vetle Karlsen Eide har ivra for at me må prøva eit alternativt gudstenesteopplegg som er tilrettelagt for alle aldersgrupper.

Hausten -25 fekk soknerådet besøk av ein koordinator frå Søndagsskolen Norge og ein representant for Det norske misjonsselskap Ung for å gje soknerådet innblikk i ein ny type gudsteneste: «Messay church».

Messay Church presenterer seg som »et kreativt, gjestfritt gudstjenestefellesskap for alle aldre, med fokus på Jesus, måltidsfellesskap og aktivitet. Det er en "rotete" (messy) og uformell

kirkeform som gjør tro lett tilgjengelig, ofte gjennom formingsaktiviteter, sang og fortellinger, og passer for familier og de som ikke vanligvis går i kirken».

Soknerådet har vedteke å prøva ut denne gudstenesteforma. Dette blir gjort ila 2026. Målet er fyrst og fremst å få unge familiar inn i eit kyrkjeleg fellesskap, men det er viktig at eldre i kyrkjelyden også møter til desse gudstenestene, slik at nykommarar kan sjå at det allereie eksisterer eit lite fellesskap som dei kan gå inn i.

Diakonalt arbeid

Kyrjekaffi ser soknerådet på som ein del av sitt viktige diakonale arbeid og tilbyr dette etter stort sett kvar gudsteneste. Det kan vera ekstra viktig for dei som bur åleine å kjenna på eit menneskeleg fellesskap i kyrkjeleg regi.

Det same gjeld *tilbod om bilskyss* til kvar gudsteneste. Det gjer det lettare å koma på gudstenestene.

Konfirmantjubilantfestane er populære blant utflytta jubilarar og jubilarar busette i nærområdet. Kyrjekontoret har tidlegar leita fram adresser og invitert til fest, og soknerådet har gjennomført festane. Det blei opplyst frå kontoret om at 2025 vart siste året der me kan få slik hjelp, fordi nyare offentleg reglement hindrar ein i å henta ut adresseopplysningar og bruka desse til invitasjon.

Misjonsengasjement i kyrkja

Strandebarm sokneråd har i mange år hatt ein samarbeidsavtale med misjonsorganisasjonen HimalPartner. Denne har vart i mange år, og også i 2025. Me har støtta arbeidet gjennom takkeoffer og forbøn. Tore og Ragnhild Skeie, busette i Norheimsund har opp gjennom åra bidrege med sitt engasjement og sin kunnskap om HimalPartner i gudstenester og trusopplæring, og det er me svært takksame for!

Saman med dei andre sokna i Kvam vart det i 2025 bestemt at me ønskjer å inngå ein ny samarbeidsavtale med ein tanke om at det er sunt å veksle samarbeidsorganisasjon for å halda misjonsengasjementet oppe. Det var eit ønske frå alle sokna om at me har same misjonsorganisasjon, og me har saman valt NM S (Det norske Misjonsselskap) som ny samarbeidsorganisasjon. Me skal støtte tre ulike

prosjekt på Madagaskar. Det vert markering for den nye misjonsavtalen på ei gudsteneste i løpet av 2026.

Takvøle på kyrkja

Sjølv om ikkje soknerådet har vore involvert i dette arbeidet, må det nemnast i årsrapporten for 2025 at det vart gjort eit stor arbeid på kyrkjetaket ved at alle takhellene vart tekne ned og reinska. Dårlege taksperrer vart bytte ut og taket lagt på igjen. Tårnvindaugo vart reparerte og dårleg bordkledning skift. Tårnet fekk ny koparhjelm, og loftet vart isolert på nytt. Mange forbiøyrande kommenterte det vakre, skinande tårnet, enn så lenge det varte før koparen byrja eira. Det var eit imponerende syn å sjå stillaset som vart sett opp omkring kyrkja, og mange beundra det også!

Kostnaden på ca 6,5 mill vart delt mellom Kvam herad og riksantikvaren, og arbeidet vart gjennomført med kun lokale krefter: Hardanger og Voss museum ved Fartøyvernsenteret sine folk, og H2Hardanger som prosjektleiarar.

Dugnad

- Kyrkja innvendig har bruk for oppussing og målet er å få gjort mest mogleg før jubileumshelga 2026. Soknerådet har laga ei prioriteringsliste på arbeidet. Nordveggen er oppattmåla innvendig. Utvendig er same veggen vaska og den årlege dugnaden rundt kyrkja ute vart gjort våren -25.
- På **kyrkjelydshuset** er det også i 2025 lagt ned mange dugnadstimar. Golva i storesalen, på møterommet og kontoret har blitt behandla for å få vekk skjolder. Ein lukkast ikkje heilt i fyrste omgong, men har no i 2026 fått polert golvet med poleringsmaskin og er kome i mål med storesalen. Ei stor takk går spesielt til Torill og Lars Gjerde som har vore primus motor for kyrkjelydshuset gjennom mange år.
- Det var også ein storstilt dugnad då ei orgelnemnd sette i gong innsamling til **vøle av kyrkjeorgelet**. Nemnda klarte å samla inn 1,1 mill kr til vøla ila 2025. Vøla blir sett i gong i vårhalvåret-26 og skal vera ferdig til sommarferien same år. Ei stor og audmjuk takk til alle gjevarar som har gjort til at me kom i mål med innsamlinga såpass raskt! Det er imponerende! Ryde og Berg Orgelbyggeri i Fredrikstad skal gjera arbeidet. Orgelnemnda har bestått av Oddvar Brakestad, leiar. Hallgeir Aase, Anne Knutsson,

Olav Tombre, organist Ulf Krupka (fagleg ansvarleg) og Margun Mikkelsen Tordal (repr. frå soknerådet).

- **Jubileumskomite:** Inger Karin Tordal (kontaktperson inn mot kyrkjekontoret), Inger Elisabet Viken (skrivar), Jorunn B. Lillefosse (kontaktperson frå sokneråd), Torunn Baldersheim, Magne Helge Mundheim, Johannes Børsheim, Ole Gjerde, Margun Mikkelsen Tordal (leiar), Anne Marie B.Berge, Leidolv Berge, Hans Fosse.
- **Skrivenemnd:** Arne Gjerstad, Leidolv Berge, Hans Fosse, Anne Marie B.Berge. Desse brukar mykje tid og krefter på å samla stoff og skriva på eit historieskrift for Strandebarm sokn. Dette blir utgjeve i samband med 150-års jubileet for kyrkja.
- Soknerådet vil retta ei stor takk til alle som gjer frivillig arbeid i kyrkjelyden! Det er svært verdifullt og gjer at arbeid blir gjort og at fellesskapet blir styrkt.

Kyrkjejubileum

Gjennom heile 2025 har helga 28.-30.august 2026 blitt planlagt som jubileumshelg for kyrkja sitt 150 års-jubileum. Ein jubileumskomite har jobba mykje med å få klar avtale med ein kjend artist for å skapa blest om kyrkjejubileet, og med å skaffa sponsorar til heile arrangementet. Nemnda har planlagt konsert fredag kveld, mange aktivitetar laurdag, og ei folkemusikk gudsteneste søndag med etterfylgjande middag.

Oppsummering

Det har skjedd mangt av praktisk art i soknet vårt dette året. Mange menneske har vore villige til å gjera frivillig arbeid.

Soknerådet prøver på nytenking i forhold til å få meir liv i gudstenestene og å få yngre menneske interesserte i å koma til kyrkja. Me har god hjelp, får inspirasjon og solidarisk støtte gjennom soknepresten vår, Vetle Karlsen Eide. Han hjelper oss til å få større perspektiv på arbeidet i kyrkja. Ei stor takk til han!

Arbeidet i jubileums- og skriveemnda tek mykje tid og dei skal ha stor takk for arbeidet som allereie er gjort! Det same skal orgelnemnda ha, og spesielt leiar Oddvar Brakestad som har gjort ein god innsats inn mot bank og næringsliv.

Totalt sett er me svært takksame for all god innsats, og håpar at me etter kvart også kan fylla gudstenester med meir liv, og yngre krefter. Me har mykje godt å kjempa for, og har heldigvis ein god Gud som gjev oss krefter til å byggja eit godt gudstenestefellesskap vidare.

Strandebarm, 19.03.26

Margun Mikkelsen Tordal

-soknerådsleiar-

Godkjent av Strandebarm sokneråd, 19.03.26.